



Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

Oslo, 14.08.2017

Deres ref.:  
[Deres ref.]

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):  
2016/475

Saksbehandler:  
Katrine Hauglund

## Høring av søknad frå Statoil Mongstad

Miljødirektoratet ber kommunen leggje eit eksemplar av søknaden ut til offentlig innsyn.

Miljødirektoratet vil leggje ut ei kunngjering i avisene og på [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no) ein av dei nærmaste dagane.

Vi ber dykk også om å uttale dykk og sende eventuelle merknader til søknaden til Miljødirektoratet innan 15. september 2017.

Vi viser til den vedlagde søknaden og kunngjeringa. Kunngjeringa er sendt til Norsk lysingsblad og lokalavisene der saka vil bli kunngjort ein av dei nærmaste dagane. Saka leggjast også ut på Miljødirektoratet sin nettstad. De kan også lese kunngjeringsteksten og laste ned saksdokumenta her: <http://www.miljodirektoratet.no/horing2016-475-2/>

Vi ber kommunen leggje eit eksemplar av kunngjeringa og saksdokumenta ut til offentlig i kommunen og om mogleg også på kommunens eiga nettside. Saka skal liggje ute til offentlig innsyn til 11. september 2017.

Miljødirektoratet ber også om at kommunen uttaler seg til søknaden.

Vi ønskjer spesielt å vite om kommunen har informasjon om

- bedrifta sitt/sine utslepp kan gjere det vanskeleg å nå målet om god økologisk og god kjemisk tilstand i vassførekosten, jf vassforskrifta § 4-6.
- bedrifta sitt/sine utslepp kan føre til overskriding av måla for luftkvalitet i området
- førekosten av sårbare dyre- og plantearter i området, jf naturmangfoldlova § 8.
- andre planlagde aktivitetar som kan påverke økosystem i området, jf. naturmangfoldlova § 10.
- andre lokale forhold, knytt til helse og miljø, reguleringsplanar, interesser i området, naboar eller anna, som vi bør ta omsyn til når vi avgjer søknaden.

I høringa har vi bedt Fylkesmannen gi opplysningar om status for å lage tilstandsklassar og karakterisering av vassførekosten.

Av omsyn til saksbehandlingen, ber vi om at de uttalar dykk og sender oss eventuelle merknader til søknaden innan 15. september.

Hilsen  
Miljødirektoratet

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent*

Harald Sørby  
seksjonsleder

Katrine Hauglund  
seniorrådgiver

Tenk miljø - velg digital postkasse fra e-Boks eller Digipost på [www.norge.no](http://www.norge.no).

**Vedlegg:**  
**Søknad**  
**Kunngjeringstekst**